

## Oppgåver og oppgåvefordeling

### Høyrings spørsmål

- Kva oppgåver kan og bør leggjast til merkantile stillingar? Andre oppgåver enn dei som går fram av oversikta?

- 

*I høyringsutkastet er det godt samsvar med dagens oppgåver og korleis desse vert fordelt mellom pedagogisk leining og dei merkantile funksjonane ved skulen. Det er likevel eit ønskje frå mange av avdelingsleiarane at fleire oppgåver, knytt til personaloppfølging, vert lagt til merkantilt personale. Spesielt gjeld dette vikararbeid ved korttidsfråvære.*

- Korleis få til klare roller og klar ansvarsdeling mellom merkantilt tilsette og pedagogisk leining?

*Dette handlar vel på sett og vis om tydeleg leiarskap på alle nivå. Det er viktig at støttefunksjonar i HFK får klare adresse jf. kven og kvar dei ulike oppgåvene skal avklarast. Det er òg viktig at ein tek eit oppgjer lokalt på dei enkelte skulane om korleis ein forstår kvarandre sine oppgåver og kven som har ansvar og mynde til å beslutte dei ulike avgjerdene.*

- Korleis leggje til rette for god samhandling mellom merkantile tenester og pedagogisk leining?

*Gode møtefora og rutinar for internkommunikasjon er viktig. Ofte hender det at det pedagogiske leiarskapet gløymer å kommunisere viktige avgjerder og bestemmelsar til fronttenesta.*

## Organisasjonskart og struktur

### Høyrings spørsmål

- Kva struktur vil vere tenleg for merkantile tenester på skular med ulik storleik?

*Skular er ulike med tanke på samansetnad av tilbodsstrukturar, programfag, vaksenopplæring, småklassar, fagskule, institusjonsundervisning, oppdragsverksemd ol. Fastsette strukturar må ikkje vera til hinder for å ivareta behova til den enkelte skule ut frå oppgåvene skulen er sett til å løysa. Dvs. det må vera rom for fleksibilitet. Det må og takast omsyn til at for viktige administrative funksjonar i systema for personal-, lønns-, elevadministrasjon, innkjøp og økonomi, skal det alltid vera minst ein annan merkantil tilsett som kan avlaste i periodar med høgt arbeidspress og/eller overta funksjonen i kortare periodar ved sjukefråvære*

- Kor bindande bør merkantil struktur vere for skulane, status som rettleiande?

*Merkantile strukturar bør vera rettleiande for den enkelte skule jf. tal stillingar og stillingsbetegning. I den enkelte skule sitt budsjett bør budsjetterte lønns- og sosiale kostnader framkomma tydeleg. Det bør vera rom for skulane å bruke meir- / mindre ut frå lokale behov og variasjonar.*

- Bør det vere rutine for godkjenning på skuleeigarnivået av merkantil struktur ved den enkelte skule?

*Dette bør vel kunne avklarast mellom rektor og regionsleiar. Rektor har uansett budsjettansvar for skulen sine samla personalkostnader. Det er vel ikkje andre reglar som gjeld her enn innanfor reinhald, kantine og pedagogisk støttepersonale.*

- Kva tidsplan for gjennomføring kan vere realistisk? Innføring av ny struktur gradvis?

*Det kan vera teneleg å gjennomføre strukturendringa i samband med innføring av nytt skuleadministrativt system.*

## Merkantile stillingar og skulestorleik

### Høyringsspørsmål

Korleis ser de behovet for stillingar i høve til skulestorleik?

*Behovet for stillingar stemmer godt overeins med dages behov, jf skulestorleik. Forslaget i høyringsutkastet samsvarar bra med vårt behov.*

## Kompetansekrav og stillings-/lønnsinnplassering merkantile stillingar

### Høyringsspørsmål

Kva kompetansekrav bør leggjast til grunn i høve til oppgåver som er lagt til / kan leggjast til ulike stillingar

*Forslag til kompetansekrav slik dei kjem fram i høyringa er bra. Det er viktig å sjå dei merkantile funksjonane opp mot krav forventning til kompetanse i tilsvarande private bedrifter. Det kan likevel vera utfordrande å skaffe personale som kvalifiserer til krava på alle nivå. Det bør såleis vera rom for unntak. Mulig det og bør vera rom for å tilsetje på vilkår som for pedagogar, om ein ikkje får kvalifisert personale /søklarar til stillinga. Det er òg viktig at ein tek omsyn til personale som har funksjonane i dag, men som manglar formell kompetanse. Desse bør ved enkelte høve gjevast utteljing for lang realkompetanse.*

## Kompetanseutvikling

### Høyringsspørsmål

- Kva kompetanseutvikling vil det vere det behov for?

*Kompetanseutvikling bør prioriterast. Viktig at det vert laga «kompetansepakkar» for kvart av dei ulike funksjonsnivå som sikrar god kvalitet på tenesta ved alle skular ut frå oppgåvene som skal løysast. For viktige merkantile (IKT-basserte) funksjonar må det alltid vera ein intern «vikar» som kan utføre oppgåva. Personale som innehar funksjonane i dag bør få tilbod om vidareutdanning og kompetanseheving om dei manglar formalkompetanse for stillinga.*